



Majo Egedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/328 - 19/36597

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2019


Førebels svar med trong for avklaringar - gbnr 134/434 Hilland

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 134/434
Tiltakshavar: Jørn Monslaup Helgesen
Ansvarleg søker: Majo Egedom AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.12.2019.

Ut i frå godkjent situasjonsplan og faktiske tilhøve på eideomen er det vår førebelse vurdering at tiltaket ikkje er etablert i samsvar med gjeve løyve.



Vi ber om dykkar attendemelding på endringa i saka og gjer merksam på at endringa krev at det vert søkt om endring av gjeve løyve og oppdaterte privatrettslege løyve med omsyn til avstandserklæring og eventuelt også løyve til etablering på annan manns grunn.

Ut i frå målingar i vårt kartsystem kan det sjå ut som om at tiltaket er plassert om lag 0,8 meter inn på gbnr. 134/400. Endringa av tiltaket medfører at det må søkjast om ny dispensasjon frå grad av utnytting i gjeldande plan med omsyn til grad av utnytting.



Dersom tiltaket er førd opp delvis inn på eigedom 134/400 krev det privatrettsleg avtale med grunneigar som gjev rett til å føre opp tiltaket.

Det krev også at det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet – fritidsområde FA4 i gjeldande plan då plassering av tilbygget utover føremålsgrense er i strid med arealføremålet.

Vi gjer merksam på at det aktuelle tiltaket er godkjent med dispensasjon frå grad av utnytting i gjeldande plan og at tiltaket gjennom naboerklæring er akseptert plassert inntil 1,4 meter frå nabogrense i sør mot gbnr. 134/400.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Avklaring med omsyn til omfang av tiltaket (auka storleik, rett grad av utnytting) og plassering i høve eigedom gbnr 134/400.
2. Søknad om endring av løkke og søknad om naudsynte dispensasjoner.
3. Nabovarsling.
4. Naudsynte privatrettslege avtaler.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.01.2020.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jørn Monslaup Helgesen	Leitet 43	5911	ALVERSUND
Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ

Mottakarar:

Majo Eigedom AS	Lindåsvegen 154	5916	ISDALSTØ
-----------------	-----------------	------	----------